



Bilete syner plassen der mannen frå Litauen omkom og vart funnen 29. mars 2013.

Berging av to kvinner som gjekk seg fast i Englafjell sist søndag, fekk mange til å minnst sju år tilbake då ein mann frå Litauen kom på gli om lag på same plassen og omkom. Uhellet var i påskehelga 2013, 28. - 30 mars. Den 36 år gamle Rytas Razukevicius gjekk opp frå Husnes og vart meldt sakna dagen etter. Med varmesøkande kamera vart mannen funnen og henta ned med redningshelikopter. Hans Reidar Kjærland har foto med punktet markert frå ulukka i 2013 og det same for plassen der kvinnene vart henta i helga.

Bergingsplassen sist søndag var Middagshaug som ligg om lag 800 meter o.h. Den omkomne frå Litauen vart funnen fleire hundre meter ned under Middagshaug. Det er som oftast mykje is og skarpe i dette område på denne tida. Det gjeld særleg i bratte fjellsider som ligg i nord. Mannen kom på skrens, stoppa og vart funnen i ei bjørk.

Det som vart skrive om ulukka i 2013 var at mannen truleg hadde tenkt seg ned Eikedalen, men tok feil, kom for langt nord i det bratte terrenget og på skarpe og is fall han og vart ført fleire hundre meter ned fjellsida. Spor i snøen synte turen hans frå Husnes mot Englafjell.



Raud markering syner plassen der kvinnene vert henta ned med Sea King.

Øystein Enæs sine foto og video frå den siste berginga har til no over 700 visningar på Facebook i tillegg til mange delingar. Både Hans Reidar Kjærland og Øystein Enæs sine bilete er gode kjelder som dokumentasjon for ettertida.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Hans Reidar Kjærland/ Hans Ordin Østebø



Dei to kvinnene vart henta ned med Sea King helikopter.